


Tertialrapport 2 - 2017



Tertialrapporten gir eit
oversyn over rekneskapen
for Radøy kommune
pr 31. august 2017



RADØY
den grønne øya

Rapporten for førandreste tertial 2017 er eit kortfatta oversyn over drifta i Radøy kommune i perioden januar - august 2017.

Rapporten syner dei sentrale rekneskapsrapportane, hovudoversikt drift, skjema 1A og 1B. I tillegg er det teke inn eit oversyn over investeringskostnadene som er påkomne så langt i året - i skjema 1B og 2B. Det vert også lagt fram balanse pr 31.08.2017.

Det er også viktig å merka seg at rekneskapen ikkje er fullstendig avslutta og avstemt pr 30.08.2017, og at fullstendig periodisering ikkje er gjennomført.

Budsjettala er periodiserte så langt det er råd, og er basert på vedteke budsjett pr 30.08.2017 og budsjettendringar vedtekne i kommunestyret. Periodiseringa vert vurdert fortløpande, og det vert gjort justeringar for å få best mogeleg samsvar mellom tidspunktet for inntekt/kostnadsføring og budsjett.

Driftsrekneskapen

Ordinært rammetilskot er i samsvar med budsjett pr 31.08.2017, det same gjeld skatteinngangen. Budsjettet er periodisert i samsvar med faktisk inngang, og justert i samsvar med fylkesmannen sine merknader til budsjettvedtak for 2017. Samanlikna med fjoråret var skatteinngangen noko betre i første månadene av 2017, men frå april har dette endra seg, slik at fleire

månader har hatt nedgang samanlikna med i fjor. Pr 31.8. var skatteinngangen 3,4% høgare enn i fjor. Dette er betre skatteinngang enn landet, men tendensen er fallande. Gjennom inntektsutjamninga får vi kompensert mykje av eventuell lokal svikt i skatteinngangen.

Eigedomsskatten er i rimeleg samsvar med budsjett, jf vedteken regulering av budsjettet for 2017.

Finansinntekter og finansutgifter er rimeleg i samsvar med budsjettet. Truleg vil rentekostnadene blir litt lågare enn budsjettet, medan renteinntektene vil bli litt høgare enn budsjett.

Drift

Stab og politisk

For stab og politisk ser det førebels ikkje ut til å bli vesentleg avvik i høve til budsjettføresetnadene.

Oppvekst

Tala for oppvekst er tilsynelatande bra, men det meste av årsaka til mindreforbruket så langt, er tilskot til opplæring i norsk og samfunnskunnskap vi fekk i januar, knytt til flyktningar i asylmottaket. Budsjettet er regulert etter faktisk motteke tilskot pr august 2017, og det er enno uvisst kva det samla tilskotet for 2017 vert.

Rammene for barnehagane er monaleg utvida i budsjettregulering haust 2017, og rådmannen legg til grunn at rammene for oppvekst vil vera tilstrekkelege samla sett.

Helse og omsorg

For helse og omsorg er det samla sett noko overforbruk pr utgangen av august.

På NAV er utbetalt stønad til livsopp-hald langt høgare enn budsjett, og denne utviklinga ser ut til å vara ved. Barnevernet har måtta gjera fleire akutt plasseringar, og det må gjerast ei regulering på kr 955.000 for å få budsjett i samsvar med faktisk drift. Grunna feiltolking av rekneskapsinformasjon vart dette ikkje fanga opp ved førre budsjettregulering.


Førebels legg rådmannen til grunn at helse og omsorg samla sett vil drifta innafor budsjetttramma, gitt at budsjettregulering barnevern vert vedteken.

Drift og forvaltning

Trass i litt mindre inntekter enn forvanta, t.d. på plan og leigeinntekter, og noko meirforbruk på noverande tidspunkt, legg rådmannen til grunn at drift og forvaltning i hovudsak vil halda seg innafor tildelte budsjetttrammer i 2017.

Diagrammet til høgre syner at samanlikna med fjoråret, var skatteinngangen noko betre i første månadene av 2017, men frå april har dette endra seg, slik at fleire månader har hatt nedgang samanlikna med i fjor. Pr 31.8. var skatteinngangen 3,4% høgare enn i fjor. Dette er betre skatteinngang enn landet, men tendensen er fallande. Gjennom inntektsutjamninga får vi kompensert det meste av eventuell lokal svikt i skatteinngangen, medan svikt på landsplan vil svekka inntektsgrunnlaget vårt.

Skatteinngang pr mnd 2017



Hovudoversyn drift	R T2 2017	B T2 2017	Regulert B 2017	R T2 2016	R 2016
Driftsinntekter					
Brukarbetalingar	10 550 582	10 293 865	15 948 000	10 214 581	16 455 978
Andre sals- og leigeinntekter	19 861 690	19 076 171	28 942 000	18 745 438	30 085 641
Overføringar med krav til motyting	34 974 694	17 792 906	38 864 497	26 836 221	56 783 279
Rammetilskot	112 733 969	112 733 000	164 201 000	108 416 908	159 140 749
Andre statlege overføringar	9 247 750	5 269 500	11 715 000	6 827 979	14 687 832
Andre overføringar	73 881	-	-	31 950	52 877
Skatt på inntekt og formue	74 000 145	74 000 000	117 172 000	71 554 720	115 873 173
Eigedomsskatt	10 127 734	10 079 658	15 121 000	8 290 228	12 425 769
Sum driftsinntekter	271 570 445	249 245 100	391 963 497	250 918 025	405 505 298
Driftsutgifter					
Lønsutgifter	150 723 212	143 430 714	226 649 117	143 479 316	226 718 887
Sosiale utgifter	43 242 258	41 448 192	63 971 012	39 702 004	60 544 721
Kjøp varer/ten. som inngår i tenesteprod.	34 880 545	31 975 234	45 719 479	30 872 395	48 458 244
Kjøp av tenester som erst. tenesteprod.	18 704 665	17 005 079	28 668 000	11 224 146	25 727 603
Overføringar med krav til motyting	15 963 704	11 538 491	18 223 000	12 725 833	22 495 152
Avskrivningar	-	-	15 400 000	-	14 804 585
Fordelte utgifter	-637 628	-1 213 138	-2 790 500	-1 110 469	-2 348 350
Sum driftsutgifter	262 876 758	244 184 572	395 840 108	236 893 225	396 400 842
Brutto driftsresultat	8 693 688	5 060 528	-3 876 611	14 024 800	9 104 456
Finansinntekter					
Renteinntekter og utbyte	4 564 219	4 579 332	4 888 000	3 975 573	5 285 287
Mottekne avdrag på utlån	91 813	40 000	60 000	159 415	202 820
Sum eksterne finansinntekter	4 656 032	4 619 332	4 948 000	4 134 988	5 488 107
Finansutgifter					
Renteutgifter og lånekostnader	4 468 350	5 596 102	6 579 000	4 488 252	5 259 209
Avdrag på lån	7 656 140	8 387 443	8 924 000	7 091 344	8 331 360
Utlån	29 587	40 000	60 000	107 000	164 318
Sum eksterne finansutgifter	12 154 077	14 023 545	15 563 000	11 686 596	13 754 887
Resultat eksterne finanstransaksjoner	-7 498 045	-9 404 213	-10 615 000	-7 551 608	-8 266 780
Motpost avskrivningar	-	-	15 400 000	-	14 804 585
Netto driftsresultat	1 195 643	-4 343 685	908 389	6 473 192	15 642 261
Interne finanstransaksjonar					
Bruk av mindreforbruk frå tidl. år	13 173 445	-	-	3 256 655	3 256 655
Bruk av disposisjonsfond	-	-	1 082 100	-	49 000
Bruk av bundne fond	963 635	-	1 913 000	519 960	1 014 496
Sum bruk av avsette midlar	14 137 080	-	2 995 100	3 776 615	4 320 151
Overført til investeringsregnskapen	-	-	-	-	-
Dekking av meirforbruk frå tidl. år	-	-	-	-	-
Avsett til disposisjonsfond	13 173 445	-	-	3 256 655	3 256 655
Avsett til bundne fond	1 051 750	-	4 000	797 266	3 532 312
Sum avsetjingar	14 225 195	-	4 000	4 053 921	6 788 967
Meir (-) /mindre (+) forbruk	1 107 528	-4 343 685	3 899 489	6 195 886	13 173 445

Kollonne RT2 2017 syner rekneskapstal pr 31.8.2017

Kollonne B T2 2017 syner periodisert budsjett pr 31.08.2017


Regulert B 2017 syner budsjett med alle budsjettendringar vedtekne av kommunestyret, også etter 31.8.

Kollonne RT2 2016 syner rekneskapstal pr 31.8.2016, altså på same tidspunkt i fjor. R 2016 er rekneskapstal for året 2016. Om ein samanliknar desse med tilsvarende tal i den vedtekne rekneskapen for 2016, kan det vera avvik mellom dei ulike underpostane. Totalen er likevel den same.

Rekneskapskjema 1A	2017	Budsjett periode	Budsjett totalt	2016
Skatt på inntekt og formue	74 000 145	74 000 000	117 172 000	115 873 173
Ordinært rammetilskudd	112 733 969	112 733 000	164 201 000	159 140 749
Skatt på eigedom	10 127 734	10 079 658	15 121 000	12 425 769
Andre generelle statstilskot	8 247 750	5 269 500	11 715 000	12 842 832
Sum frie disponible inntekter	205 109 598	202 082 158	308 209 000	300 282 523
Renteinntekter og utbytte	4 564 414	4 579 332	4 888 000	5 282 948
Renteutg.,provisjoner og andre fin.utg.	4 466 645	5 596 102	6 579 000	5 256 050
Avdrag på lån	7 656 140	8 387 443	8 924 000	8 331 360
Netto finansinntekter/finansutgifter	-7 558 371	-9 404 213	-10 615 000	-8 304 462
Til dekking av tidlegare meirforbruk				
Til ubundne avsetningar	13 173 445			3 256 655
Til bundne avsetningar				
Bruk av tidlegare mindreforbruk	-13 173 445			-3 256 655
Bruk av ubundne avsetningar				
Bruk av bundne avsetningar				
Netto avsetningar	-	-	-	-
Til fordeling drift	197 551 227	192 677 945	297 594 000	291 978 061
Sum fordelt til drift (frå skjema 1B)	196 443 699	197 021 630	291 993 295	278 804 616
Meir (-) /mindre (+) forbruk	1 107 528	-4 343 685	5 600 705	13 173 445

Rekneskapskjema 1B	2017	%	Budsjett periode	Budsjett totalt	2016
Stab og politisk	13 440 501	94,04	14 292 567	19 657 075	17 917 129
Oppvekst	70 234 611	97,56	71 993 241	113 285 399	107 267 157
Helse og omsorg	91 908 605	103,28	88 986 981	127 879 668	122 848 818
Drift og forvaltning	22 834 982	104,99	21 748 841	31 171 153	30 771 512
Særskilde postar	-1 975 000	0,00	0	0	0
SUM	196 443 699	100,72	197 021 630	291 993 295	278 804 616

Sjukefråvære



Diagrammet til venstre syner kvartalsvis utvikling av sjukefråværet blant kommunalt tilsette i Radøy kommune frå 2012 til andre kvartal 2017. Andre kvartal 2017 syner sterk auke samanlikna med i fjor. Vi finn høge fråværetal på ein del område innafor Helse og omsorg, og i dei fleste barnehagane.

Balanse

Balanse	2017	2016
Eigendelar		
Anleggsmidler	917 786 326	925 329 349
Fordelt slik:		
Faste eigedomar og anlegg	360 496 507	367 937 813
Utstyr, maskiner og transportmidlar	16 787 435	16 787 436
Utlån	23 080 607	24 374 953
Aksjar og andelar	101 079 152	99 886 522
Pensjonsmidlar	416 342 625	416 342 625
Omløpsmidlar	129 498 760	126 986 284
Fordelt slik:		
Kortsiktige fordringar	12 364 901	33 145 026
Premieavvik	23 679 505	23 679 505
Kasse og bank	93 454 354	70 161 753
Sum eigendelar	1 047 285 086	1 052 315 633
Eigenkapital og gjeld		
Eigenkapital	183 908 443	191 299 770
Fordelt slik:		
Disposisjonsfond	17 477 650	4 304 205
Bundne driftsfond	20 528 551	20 440 436
Ubundne investeringsfond	5 095 269	5 095 269
Bundne investeringsfond	4 286 403	4 286 403
Rekneskapsmessig mindreforbruk	-	13 173 445
Kapitalkonto	137 047 650	144 527 093
Endring i rekneskapsprinsipp som påverkar AK (drift)	-527 080	-527 080
Langsiktig gjeld	817 314 249	797 377 830
Fordelt slik:		
Pensjonsforplikting	524 199 842	524 199 842
Andre lån	293 114 407	273 177 988
Kortsiktig gjeld	57 993 518	63 638 033
Fordelt slik:		
Anna kortsiktig gjeld	57 534 861	63 179 376
Premieavvik	458 657	458 657
Sum eigenkapital og gjeld	1 059 216 210	1 052 315 633
Memoriakonto	36 572 638	16 572 638
Fordelt slik:		
Ubrukte lånemidlar	36 572 638	16 572 638
Motkonto for memoriakonti	-36 572 638	-16 572 638

Sum eigendelar og sum eigenkapital og gjeld samsvarar ikkje i balanseoppstillinga ovanfor for 2017. Differansen er lik meirforbruk i drift og investering, slik at det samla biletet av drift, investering og balanse blir null.

Rekneskapskjema 2B		2017	Budsjett justert	Budsjett vedekte	2016
1280001	Utskrifting av bilar	0	500 000	500 000	515 064
1530015	Radøyhallen lager	46 944	0	0	471 689
1530100	Radøyhallen oppgradering 2017	682 699	1 150 000	1 150 000	0
1550002	Turvegar	1 681	0	0	0
1908045	IKT investering IKT Nh	0	400 000	400 000	263 003
1920001	Mindre investeringar	1 455 000	1 700 000	1 700 000	302 813
1920004	Trådlaust nett Velferdssenteret	123 496	0	0	281 565
2130004	Manger skule parkering og uteområde	62 500	0	0	188 256
2130005	Manger skule oppgrad garderoabar	4 168 187	4 400 000	2 500 000	611 697
2510100	Bibliotek nye lokale	0	1 000 000	1 000 000	0
2712006	Bø barnehage nybygg	487 034	25 187 000	30 000 000	708 307
2713003	Ny barnehageavdeling Manger	31 238	0	0	0
2713100	Prestmarka barnehage	513 025	500 000	500 000	0
3200100	Omsorgsteknologi	0	500 000	500 000	0
3210100	Velferdssenteret oppgradering	160 747	1 000 000	1 000 000	0
4800103	Turveg/lysløype Manger	87 555	2 000 000	2 000 000	1 224 630
6000102	Oppgrad fasade teknisk stasjon	0	0	0	591 822
6102001	Prestegardshagen, opprusting til park	37 532	200 000	200 000	0
6103001	Helsehuset ombygging	180 607	1 500 000	1 500 000	0
6104003	Kommunale bustader	0	2 500 000	2 500 000	0
6190200	Solhall, kjøp og oppgradering	0	12 813 000	0	0
6200100	Vassprosjekt iht plan	0	11 300 000	11 300 000	0
6210007	Basseng Haukåsen	155 761	0	0	0
6210008	Manger - Øvre Manger utskifting	2 309 556	0	0	627 498
6210009	Vassverk oppgrad og utbetring	317 735	0	0	656 147
6210010	Vassleidn. Ø. Kvalheim mot Kvalheimsneset	43 333	0	0	0
6210011	Vassledning Litlevatnet - Sæbøvågen	43 333	0	0	0
6300100	Avløpsprosjekt iht plan	0	18 400 000	18 400 000	0
6310007	Avløp fornying og utbetring	13 680	0	0	298 414
6510002	Brannvernustyr	163 311	200 000	200 000	132 752
6700003	Asfaltering kommunale vegar	5 658 001	5 000 000	5 000 000	2 027 037
6764001	Trafikksikring	0	200 000	200 000	183 581
SUM		16 742 955	90 450 000	80 550 000	16 840 811

Utskrifting av bilar: det er bestilt to bilar, ein el-bil og ein «vanleg» bil. Levering skjer ved årsskiftet. Kjøp av bil er innafor budsjettamma.

Radøyhallen oppgradering 2017: Sikring av rekkverk på tribunen og trappe som sikrar tilgang til ventilasjonsanlegg på loftet er ferdigstilt. Oppgradering av dei fem dusjromma med «dusjbåsar» er ferdigstilt. I samband med arbeidet i dusjromma vart det avdekka fuktskadar som måtte utbetrast, noko som har gitt ein meirkostnad på om lag kr 100 000. På bakgrunn av tilleggsøyving til oppgradering av garderoabar i Radøyhallen er dette arbeidet bestilt, og er forventa ferdigstilt innan utgangen av 2017.

Oppgradering av garderoabar ved Manger skule: Arbeidet er ferdig innafor budsjettamma.

IKT investering IKT Nh. Spesifikasjon over Radøy sin del av investeringar i IKTNh kjem som ein del av årsavrekninga over nyttår.

Biblioteket nye lokale: framtidig lokalisering av biblioteket er førebels ikkje avklåra.

Bø barnehage nybygg: Forum Arkitakter har utarbeidd anbudsdokument for den nye barnehagen, og arbeid med reguleringsplan for området startar i desse dagar. Då byggearbeid først startar i 2018, bør det gjerast ei budsjettregulering. Bokførte kostnader er i hovudsak konsulentkostnader.

Prestmarka barnehage: kjøp gjennomført iht budsjett.

Velferdssenteret oppgraderingar:

Solskjerming, skifte av vindauge og oppsett av nytt gjerde er ferdigstilt. Det vert no henta inn tilbod på etablering av toalett mm som vil gi eit funksjonelt møterom på «loftet» på Velferdssenteret. Dette har vore etterspurt over lang tid. Tiltaka er forventa utført innanfor budsjettamma.

Turveg Manger: del II av løypa var ferdig prosjektert i vår, men vart i første runde forsinka i påvente av dispensasjon frå Statens Vegvesen, fordi turvegen ligg mindre enn 50 m frå fylkesveg. Mulighetsstudien i Prestegardshagen avdekka behov for justeringar i løypekartet som no er gjort for å redusere påverknad på omgjevnadene, og i samråd med Manger idrettslag og Idrettsrådet er det gjort mindre endringar i løypekartet. Prosjektet vert lyst ut under føresetnad av at det vert gitt byggeløyve. Det grunn til å tru at mesteparten av arbeidet

vert utført i 2018.

Gapahuken ved Nesvatnet er ferdigstilt, og arbeidet med å gjenreisa «vaskehuset» i Klesvika er starta og vil ferdigstillast i haust. Bergen og omegn friluftsråd (BOF) har sett etablering av toalett ved området som eit vilkår for å vilja delta i vidare utvikling av området. Det er henta inn pris på etablering av toalett ved pumpestasjonen, og arbeidet er planlagt starta og forhåpentlegvis utført innan utgangen av året. På Straume er det gjort arbeid med tilrettelegging av stiar. Informasjonsfilm og skilting av området og lokalitetane for steinalderfunn er snart på plass. Tiltaka som nemnt ovanfor er budsjettert innanfor ramma av turvegprosjektet, men ettersom det er grunn til å tru at mesteparten av arbeidet med turvegen på Manger vert utført i 2018, er det grunnlag for å vurdere ei budsjetterregulering.

Prestegardshagen: Og arkitekter AS har utført ein mulighetsanalyse for rådhuset og Prestegarden med uteområde, og endeleg rapport ligg no føre. Med unntak av reparasjon av steingarden, har ikkje det fysiske arbeidet med opparbeiding av Prestegardshagen starta. Mulighetsanalysen legg rammene for ein heilskapleg plan for både bygg og uteområde, og rådmannen ønskjer å leggje rapporten til grunn for vidare tiltak.

Helsehuset ombygging: Det skal etablerast nytt ventilasjonsaggregat på Helsehuset for å betre ventilasjonstilhøva i bygget. Det er henta inn tilbod på oppdraget som ligg innafør budsjettamma, og arbeidet har forventa oppstart i oktober.

Kommunale bustader: det er gjort søk i marknaden utan at ein har lukkast å finne høvelege bustader for kjøp.

Solhall kjøp og oppgradering

Kommunestyret gjorde i september vedtak om å kjøpa Solhall frå Helse Bergen. Av ulike årsaker ønskjer Helse Bergen å overdraga eigedommen først i 2018. Budsjettet må difor justerast ned. Samstundes ønskjer rådmannen at det står att kr 1.000.000 til arkitekt og eventuelle oppgraderingar som blir gjort i 2017.

Investeringsbudsjett for VA-området vart vedteke av kommunestyret med

ein sum for vatn og ein sum for avløp. I gjennomgangen vidare, vert kvart delprosjekt presentert, med delsum av budsjett.

Vassbasseng Haukåsen: Delbudsjett kr 3.100.000. Prosjektet har vore lyst ut på Doffin, og lågaste tilbod er høgare enn budsjettamma. Ettersom grunnavståing ikkje er avklart er ikkje prosjektet starta opp. Det vert arbeid med å kome til ei løysing. På denne bakgrunn bør det vurderast ei budsjettregulering av dette investeringsprosjektet.

Vassleiding Litlevatnet – Sæbøvågen: Delbudsjett kr 3.800.000. Det er henta inn tilbod på vassleiding, og arbeidet har starta. Tilbod på oppdraget er lågare enn budsjettert.

Vassleiding Øvre Kvalheim mot Kvalheimsneset: Delbudsjett kr 1.900.000. Det er henta inn tilbod på prosjektet, og leverandør er vald. Det er planlagt oppstart i løpet av oktober, og prosjektet skal ferdigstillast innan utgangen av året. Tilbod er innafør vedteken budsjettamma.

Vassverk oppgradering og utbetring: Delbudsjett kr 1.400.000. Teknisk drift arbeider systematisk med å kartleggja kummer mm som bør oppgraderast/skiftast. Det er kjøpt inn vassmålarar som tiltak i arbeidet med å redusere vasslekkasjar på leidningsnettet.

Krisevasskjelde. Delbudsjett kr 600.000. ikkje starta.

Rørbrotsventil Olsvoll HB: Delbudsjett kr 500.000. Ikkje starta.

Vassleiding Lilletveit: Det er ikkje løyvd midlar til dette tiltaket. Hovudutvalet bad om at vassforsyning til Lilletveit skulle koma med i planen for utføring i 2017, og kommunestyret vedtok i sak 034/2017 at handlingsplan for vatn skal takast opp til revisjon i 2017. Revisjon er førebels ikkje gjennomført, men rådmannen har lagt til grunn at det er ønskeleg å gjennomføra prosjektet snarast råd. Anbodsdokument er sendt ut til eit utval av leverandørar, og tilbodsfrist er 20. oktober. Det er forventa at meste-

parten av arbeidet vert utført i 2017. **Reinseanlegg Manger:** lokalisering er avklart, og det er inngått avtale om kjøp av grunn på Manger kai, under føresetnad om at kommunen får naudsynte løyve til å gjennomføra prosjektet på ønska tomt. Tiltaket krev reguleringsplan. Oppdrag med utarbeiding av reguleringsplan er tildelt, og høyringsutkast skal vere klart i desember. Arbeidet vil ikkje bli starta før reguleringsplan er ferdigstilt og godkjent, og byggearbeid vil såleis ikkje starta i 2017. Dette påverkar gjennomføring av andre avløpsprosjekt på Manger: sanering Mangersvågen, nye leidningsnett Mangersvågen og ny pumpestasjon. Det vil derfor vera behov for budsjettjustering.

Bøvågen RA installasjon av tilbakeslagssikring: planlagt utført i samband med legging av vassleiding Kvalheim. Rehabilitering leidningsnett Bøvågen: ferdig.

Utstyr brannvern: pågår og innanfor budsjett.

Asfaltering: Arbeid er ferdigstilt iht til prioriteringsliste, og det aller meste vart utført innanfor budsjettamma, samt kr 500 000 som kommunen fekk frå BKK på bakgrunn av skade på Listveitvegen.

Trafikksikring: planlagt gjennomført iht mindre tiltak i trafikksikringsplanen.

Kjøp av gravemaskin og lift (mindre investeringar): både gravemaskin og lift er kjøpt, og samla kostnad er innanfor budsjettamma på kr 1 000 000.

For investeringsrekneskapan vert det ikkje lagt fram hovudoversikt investering eller skjema 2A. Investeringane vert først finansierte når all tilgang av anleggsmidlar i 2017 er bokført, i samband med årsavslutninga. Hovudoversyn investering og skjema 2A gir såleis lite meining pr 31.08.2017.

I skjema 2B er berre teke med prosjekt med rekneskapstal eller budsjett i 2017. Sum for 2016 er totalen for same periode i 2016, men det inngår fleire prosjekt i dette talet enn det som kjem fram av skjemaet, sjå evt rekneskapsdokument for 2016 for nøyaktig spesifikasjon.

Iflg finansreglementet skal det rapportert på kommunen sine finansplasseiringer.

Radøy kommune har no berre plasseringar i bank. Det er inngått ny hovudbankavtale med Sparebanken Vest, som gjeld ut 2019. Kommunen har for tida ikkje plasseringar i andre bankar.

Diagrammet til høgre syner renteutviklinga frå januar 2015 til august 2017. Internrenta mellom bankane (NIBOR) har gått noko ned sidan nyttår, og ligg pr august på 0,8%

Ny bankavtale frå 1.4.2017 gir oss langt lågare påslag på NIBOR enn tidlegare avtale, og innskotsrenta er no om lag 0,6 prosentpoeng lågare enn lånerenta. Tidlegare år har vi kunna ta opp lån tidleg i året, og «tent» på å ha dei på konto. Slik er det ikkje lengre.

Radøy kommune si samla lånegjeld er pr 31.08.2017 bokført kr 293,1,2 mill, medrekna startlån til vidare utlån. Av bokføringstekniske årsaker vert avdrag som regel bokført mot balansen i samband med årsoppgjeret, men vert løpande ført mot drift. Faktisk lånegjeld pr 31.8.2017 er såleis ca 283,9 mill.


Lån i Kommunalbanken til vanlege investeringar utgjer 225 mill, og lån i KLP Kommunekreditt utgjer 35,1 mill. Kommunalbanken har gitt tilsegn om nytt lån i samsvar med investeringsbudsjett, dvs 63,7 mill. Førebels er det berre betalt ut 20 mill, resten av lånet kan betalast ut fleksibelt fram til 1.3.2018.

Av låna i Kommunalbanken har omlag 81,8 mill fastrente 2,49% fram til august 2019. Sist opptekne lån i Kommunalbanken og låna i KLP kommunekreditt har renterekning etter NIBOR + påslag 0,6/0,7%. NIBOR er internrenta mellom bankane i Noreg, og det er tentenivået for 3 månaders NIBOR som vert lagt til grunn.


Resten av låna i Kommunalbanken har såkalla PT-rente, som pr i dag er 1,51%, i praksis svært nært låna med NIBOR-kilknytning.

Startlån tekne opp i Husbanken utgjer 23,8 mill. 4,8 mill av låna i Husbanken har fastrente 2,21% fram til desember 2017. Når desse går ut, vert renta konvertert til vanleg flytande rente.

Renteutvikling 2015 - 2017



Fordeling fast og flytande rente



Det er risiko knytt til startlån, men det er ikkje bokført tap så langt i 2017. Husbanken si ordning med tapsdeling, gjer at tapa også er avgrensa.